

## **AUSTEVOLL KOMMUNE**

### **Retningslinjer for tildeling av tilskot til utgreiing/prosjektering**

Tilskot til utgreiing og prosjektering er frå 2020 ei ny oppgåve for kommunane. Tilskot til utgreiing og prosjektering skal bidra til å:

- finne gode og varige løysingar tilpassa den enkelte sine behov ved nedsett funksjonsevne
- finne gode løysingar til nøkterne kostnader
- auke tilgjengelegheita i bustadmassen
- 

#### **1, Kven kan få:**

Tilskot kan givast til husstandar der enkeltpersonar har behov for tilpassa bustad. Tilskotet kan òg givast til eldre som treng å tilpasse bustaden for å kunne bli buande heime ved eit framtidig behov for tilpassa bustad. Tilskotet kan gjevast ved eksisterande og nye bustader. Personar som har folkeregistrert adresse i Austevoll kan søkje om tilskot til utgreiing/prosjektering til bustader i Austevoll kommune.

#### **2, Kva kan det gjevast tilskot til:**

Tilskot til utgreiing kan nyttast til å kartleggje følgjande forhold:

- Mogelegheit og avgrensingar i eksisterande bustad
- Uteområde og tilkome
- Tilgjengelegheit inne
- Arealbehov
- Innreiing og fungerande tilstand
- Om søkjar har økonomi til å finansiere tilpassinga sjølv, eller om det er behov for lån og/eller tilskot frå kommunen

Tilskot til prosjektering kan vere til dekning av kostnader til fagleg bistand til prosjektering, det vil sei honorar til arkitekt eller annan fagkyndig. Ved nedsett funksjonsevne må uttale frå ergoterapeut/fysioterapeut leggjast ved søknad.

#### **3, Kor mykje:**

Austevoll kommune gjer tilskot til utgifter til utgreiing/prosjektering med inntil kr. 20.000,- pr. sak. Tilskotet er økonomisk behovsprøvd. Ordninga skal i utgangspunktet vere tilgjengelig for folk flest, men med ei vurdering om at husstandar med god økonomi kan dekke heile eller delar av utgiftene til utgreiing/prosjektering sjølv.

Tilskot til utgreiing og eventuelt prosjektering bør sjåast i samanheng med tilskot til tilpassing.

Tilskotet er avhengig av tilgjengelege midlar i kommunen.

#### **4, Høve til å klage:**

Det kan klagast på tildeling, utmåling, avvising og avslag etter reglar i forvaltningslova. Klageinstans er Formannskapet i Austevoll.